



Miljødirektoratet
v/Statsforvalteren i Nordland
sfnopost@statsforvalteren.no

12. mai 2026

KLAGE – LØYVE TIL UTSETTING AV SITKAGRAN PÅ GNR 46, BNR 5 og 13 I SØMNA KOMMUNE

Vi viser til sak 2026/2674, med vedtaksdato 17. april 2026. Vi har etter førespurnad fått sentrale dokument, mellom anna kart 23. april, og reknar klagefristen frå denne datoen.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket bygger på feil føresetnader og dermed må gjerast om til avslag.

Kor mykje gran er det i Sømna kommune?

Som grunngeving for å kunne gje løyve er det sagt at det har vore sitkagran i området som er hogd. Dette er noko som må dokumenterast før det kan leggjast vekt på.


Ein måte å dokumentere førekomst av sitkagran er å legge fram resultatet av søk etter arten på Artskart.

Vi legg til grunn at det er dokumentert to førekomstar av sitkagran i Sømna kommune. Ingen av dei i omsøkte område.

Naturvernforbundet
Mariboes gate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboes gate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF Verdens naturfond,
Pilestredet 8
0180 Oslo
wwf@wwf.no



Skjermdump frå Artskart 23. april 2026. Fiolette punkt er sitkagran.

Allskog seier på vegne av grunneigar at «*Det var Sitka og Norsk gran som ble hogd.*» Dette er ein påstand frå søkjar i saka. Det er ikkje noka form for dokumentasjon for dette, verken at det dreier seg om sitkagran eller kor mykje. Det som er sagt om sitkagran kan vere alt frå litt innblanding av sitkagran til bestand. Dette er så upresist at Statsforvaltaren er nøydd til å skaffe ytterlegare opplysningar om temaet.

Allskog seier også «*Tilstøtende areal er yngre plantefelt med Sitka, og utmark med bjørk og innslag med sitka.*» Også dette er upresist og treng dokumentasjon. Dette tilstøtende plantefeltet må spesifiserast med storleik og nærare alder for at ein kan vurdere korleis dette vil påverke frøspreiing i framtida. Beskrivinga «*utmark med bjørk og innslag med sitka*» er også upresist.

Andre måtar å dokumentere sitkagran på kan vere spesifisert hogstoppgjer. Vidare kan ein synfarringsrapport frå t.d. landbrukskontoret vere eigna. Særleg viss resultatet av synfaringa også blir lagt inn som registreringar på Artskart, slik ein skal gjere når offentlege middel er bruka.

Blaut grunn

I søknaden er det nemnt at omsøkte område er «*relativt bløtt*»

9. Beskriv naturtypen(e) i området som skal tilplantes, dersom dette er kjent for søker*:

Det er relativt bløtt område som er hogd. Det grenser til et yngre felt med sitka, samt et område med lauv og sitka.

Dette venteleg som eit argument for å plante sitkagran.

Så langt vi kjenner til frå planteskog på Aukra, vil sitkagran ha eit dårleg rotsystem der grunnvatnet står høgt. Dei aller fleste røtene vil ligge flatt og grunt og trea vil vere utsett for vindfall. Både bjørk og furu vil venteleg vere mindre utsett for vindfall enn det gran og sitkagran er.

Grøfting av slike areal har ei slutta med, sidan det er ei dårleg løysing både for naturmangfald og klima. Det kan tvert om vere gode grunnar til å restaurere myr slik at våte område kan få ein positiv innverknad når det gjeld utslepp av klimagassar.



Vindfall av sitkagran/lutzgran på vått jordsmonn i Aukra kommune. Foto: Øystein Folden.

Sitkagran i norsk natur

Regelverket lar bruk av sitkagran vere unnataksvis, når det ikkje representerer vesentleg ulempe. Det er noko anna enn at ein bruker sitkagran så lenge det ikkje er vesentlege innvendingar. Det er difor nødvendig å ha ei kartlegging av kva ein har av arten, og andre utanlandske artar frå før. Viss ein har to førekomstar frå før i kommunen, og kan fjerne desse, har ein ingen førekomstar etter at jobben er gjort. Viss saken er den at det finst bestand og førekomstar rundt om, må ein konkret gå gjennom alder og førekomst for å finne ut korleis dette ser ut om nokre år og nokre tiår, mellom anna for å oppfylle Naturavtala som Noreg har skrive under på.

MÅL 2

Sikre at det innen 2030 er iverksatt effektiv restaurering av minst 30 prosent av arealene med forringede økosystemer på land, i elver og innsjøer, langs kysten og i havet, for å forbedre naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester samt økologisk tilstand og sammenheng.

MÅL 6

Eliminere, minimere, redusere og/eller avbøte påvirkningen fra fremmede skadelige arter på naturmangfold og økosystemtjenester ved å identifisere og håndtere introduksjonsveier for fremmede arter, forhindre at prioriterte fremmede skadelige arter introduseres og etableres, redusere introduksjons- og etableringstakten for andre kjente eller potensielle fremmede skadelige arter med minst 50 prosent innen 2030, og utrydde eller kontrollere fremmede skadelige arter, især på prioriterte steder, for eksempel øyer.

Utdrag frå «*Norsk oversettelse av vedlegg til beslutning CBD COP15/4 Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework*»

Når ein skal praktisere lovverket kring skjøtsel av skogen, som forynging, må ein innrette dette etter Naturavtala. Det tyder at ein ikkje kan basere seg på å bruke utanlandske treslag. Det må leggst til grunn at bevaring av produksjonsgrunnlag må basere seg på treslag som fanst før utanlandske treslag blei tatt i bruk. Offentleg mynde kan ikkje tvinge nokon i strid med dette, og det ligg også som føresetnad når ein skal vurdere om ein kan tillate bruke av utanlandske treslag.

Vurdering av naturtypar, verneområde og MiS-registreringar

Lokalitetar som gjeld naturmangfold, vern og MiS-registreringar er nemnt i saka. Korleis desse lokalitetane vil bli påverka av t.d. vindspreiing er i liten grad gjennomgått. Det som står er: «*Det kan ikke utelukkes at sitkagran kan spre seg i naturen rundt plantefeltet og negative virkninger av utenlandske treslag kan i noen tilfeller først komme til syne etter mange år som viltvoksende.*»

I det heile er ikkje vind nemnt i det heile i vurderingane. At førearbeidet til forskrifta seier at fjerning av vindspreidde individ lenger unna enn 100-200 meter ikkje er rimeleg er ikkje tillagt vekt.

Det er i det heile tydelege manglar i sakshandsaminga når det gjeld naturmangfoldlova paragraf 8-10, spesielt med tanke på kunnskapsgrunnlag og samla belastning.

Krav om utsett iverksetting

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfold, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgivar, WWF Verdens naturfond